

Doktor Haugen slik du minnest han 19.

26.12.2014



**Legebesøk på Likningskontoret.****Det går mange historier om at dr. Haugen hadde raske utrykningar. Her kjem ein av dei.**

Ein dag dr. Haugen var på kontoret sitt fekk han telefon frå Likningskontoret der dei bad han komma nedom. Doktoren treiv umiddelbart legekofferten og rykte ut.

Sidan avstanden var kort kom han etter få minutt inn døra på Likningskontoret i full fart.  
- Hvem er det som er syke her? spurde han i det han kom inn døra.

Då fekk han vita at dette var ikkje noko sykebesøk. Dei ville derimot snakka med han sidan dei syntest han hadde oppgitt for lav inntekt siste året.  
- Dere får plusse på noen tusen da, adjø, og dermed vart det ikkje brukt tid på ytterlegare diskusjonar, og doktor Haugen var alt faren vidare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.